



Reglement

for yrkesopplæringsnemnda



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

I	Føremål	3
II	Oppnemning og samansetjing.....	3
III	Arbeidsområde	3
IV	Delegering til fylkeskommunedirektøren	4
V	Møte og sekretariat	4

Vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal: sak T-97/19 (9. - 11. desember 2019) og sak T-77/20 (13. oktober 2020).

I FØREMÅL

Yrkesopplæringsnemnda er oppretta i medhald av opplæringslova av 17. juni 1998 § 12-3 (jf. også §§ 4-3, 4-8 og 12-4).

Møre og Romsdal fylkeskommune skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, før vedtak blir fatta. Saker om godkjenning av lærebedrifter, tap av godkjenningar og kvalitetssystemet for fag- og yrkesopplæringa skal alltid leggjast fram for nemnda.

II OPPNEMNING OG SAMANSETJING

Yrkesopplæringsnemnda blir oppnemnd av fylkestinget i Møre og Romsdal. Etter opplæringslova § 12-3 skal alle organisasjonar som er representerte i organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa jf. § 12-1, ha rett til å vere representerte i nemnda. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda.

I Møre og Romsdal skal yrkesopplæringsnemnda bestå av inntil 12 medlemmer med røysterett, og ha følgande samansetting:

- LO: 2 medlemmar
- NHO: 2 medlemmar
- YS: 1 medlem
- KS: 1 medlem
- Spekter: 1 medlem
- Virke: 1 medlem
- Utdanningsforbundet: 1 medlem
- Fylkestinget: 2 medlemmar
- Elev-/lærlingorganisasjon: 1 medlem

NAV og Elev- og lærlingombodet har møte- og talerett.

Det skal oppnemnast medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgivarorganisasjonane.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lære kandidatane blir oppnemnde for to år om gongen.

III ARBEIDSOMRÅDE

Yrkesopplæringsnemnda er eit fylkeskommunalt rådgjevande organ, og har funksjonar og oppgåver som er definerte i opplæringslova (jf. §§ 4-3, 4-8, 12-3 og 12-4).

Yrkesopplæringsnemnda utnemner årets lærling/lærekandidat og årets lærebedrift.

IV DELEGERING TIL FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunedirektøren fullmakt til å gjere faglege vurderingar av lærebedrifter (opplæringslova § 4-3), eller til å utføre andre arbeidsoppgåver som er lagt til nemnda i lova.

V MØTE OG SEKRETARIAT

Yrkesopplæringsnemnda blir innkalla etter fastsett møteplan, og med rimeleg frist.

Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemer og varamedlemer. Medlemmane i yrkesopplæringsnemnda har møteplikt når det vert kalla inn, forfall skal varslast.

Nemnda kan elles innkallast når leiaren eller ein tredel av medlemene krev det, jf. kommunelova § 11-2.

Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan yrkesopplæringsnemnda ta avgjerd ved

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.

Nemnda er vedtaksfør når minst halvparten av medlemene er til stades, jf. kommunelova § 11-9.

Nemnda sine møte blir haldne for opne dører, jf. kommunelova § 11-5.

Det skal førast møtebok jf. kommunelova § 11-4. Møteboka vert sendt utdannings- og kompetanseutvalet til orientering.

Saksførebuing og sekretariatet for nemnda skal ligge til fylkeskommunedirektøren.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

Postadresse

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00**Mail:** post@mrfylke.no**Web:** mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune